

Edv. Bull.

Da professor Edvard Bull døyde den 26. august 1932, hadde han enda ikkje fylt meir enn femti år. Han hadde da alt eit rikt vitskapsverk bak seg; men vi hadde hatt grunn til å vente oss enda meir, og serleg var vi visse på at han skulde ha sett mykje nytt inn i norsk historieskriving, — så mangt av det han gjorde, peikte fram imot ny-vinning for det historiske arbeide her i lande. Döden kom og skar av arbeide hans altfor tidleg.

Frå ungdomen vokste han opp i eit sterkt vitskapleg miljö. Far hans var den kjente Oslo-lækaren Edv. Bull, og før han

døydde, fikk han den sjeldsynte gleda å sjå to av sönene sine med seg som medlemer i det Norske Vitskaps-Akademie i Oslo, — den fyrste av dei var prof. Edv. Bull. Det var velstands-heim han voks opp i, og han hadde den lukka at han tidleg kunde ofre seg for vitskapleg arbeid. Han hadde hug for mange andre ting òg; da han var 25-års-student, i 1924, skreiv han i jubileumsboka: »Videnskapelige undersøkelser og politisk kamp er de arbeidsformer som gir mig störst glæder.» Det er synbart nok at det var samanheng mellom det politiske og det vitskaplege arbeide hans. Men her er det berre vitskapsmannen det skal vere tale om.

Og la det straks vere sagt: granskinga hans tok aldri skade av politikken hans. Ein torer heller segje at det politiske arbeide han stod oppi, gav ny rikdom til vitskapen hans for di det førte han inn i mykje av dei spørsmåla og dei maktene som det gjeld om for ein historiegranskars å få tak i. Men jamvel i politikken hadde han ei merkeleg evne til å dryfte kaldt og roleg allslags spørsmål og innkast som meldte seg. Og det er sjeldsynt å møte ein vitskapsman som stod så fritt til sine eigne synsmåtar og heilt ubunden av fordomar kunde ta dei opp til ny-gransking. Difor var det så naturleg at det måtte bli han som i jubileumsskrifte frå Norsk Historisk Forening i 1919 skreiv utgreiinga om norsk historisk gransking i dei siste femti åra¹, og det sermerker heile granskars-lynde hans kor objektivt han her dömer om sine eigne tilskot til granskinga i norsk historie, — kor endefram han vedgår kva som her enda var uvisst og ufullfört. Eg trur snautt nokon annan norsk historieskrivar kunde ha set så fordomsfritt og sakleg på sitt eige verk, og denne utförlege utgreiinga hans om det nyaste historiske granskars-arbeide i Noreg er i det heile noko av det nytigaste som er gjort for historiegranskinga vår, ikkje berre for di ho gjev så god og klar greie på kva som var utretta på dette område ifrå slutten av 60-åra og fram til våre dagar, men dessutan for di ho stendigt peikte på alle dei spørsmåla som enda var uløyyst.

Eg vil med det same nemne eit anna vitnemål om den jam-

¹ Norsk historisk videnskap i femti år 1869—1919, Kra. 1920, s. 52—129. Sfr. oversyne hans i *Histoire et historiens depuis cinquante ans*, Paris 1927, I, s. 233—57.

vektige döme-evna hans i historiske spørsmål som sette reint serlege krav til kald og klar tenkning. Det er dei førelesningane han heldt i Nobel-Institutte i 1923 og straks etter gav ut i bokform, om ophave til siste verdskrigens¹. Det var eit kritisk oversyn over alt det som til den tid hadde kome fram om den verdspolitiske krisa i åra 1911—1914. Det var enda berre få år sia krigen var slutt, og jamvel i nøytrale land levde enda mykje av minna frå krigen, av mothug og samhug for fiends-maktene. Men Bull tok kjeldeskifter og partsskrifter for seg ubunden av alt slikt, synte kva dei gav av sant og av upålitande tilfang og kva dei enda ikkje hadde gjeve. Sia har det kome fram endelaust mykje meir til opplysning om det politiske spele mellom stormaktene og årsakene til krigs-utbrote; men mykje av det som Bull den gongen skreiv, duger framleis til å kaste ljós over verdspolitikken, og det er veldig verdt å legge merke til at sluttdomen hans om krigs- eller fredsviljen hos kvar ei av stormaktene, i hovudsaka har fått stadfesting av dei aktstykka som etterpå er framdregne.

Det ligg i det som her er sagt, at grunnlynde hos Bull måtte vere sterkt intellektualistisk. Han elsa klar tenkning, og han hadde inga draging til mystikk. Difor kann det med det same synes underleg at det første store granskings-arbeide han tok opp i ungdomen sin, galdt religionen, den elste kristendomen hos nordmennene, og det kann sjå ut mest som ein skjempt av lagnaden at han, som i studentdagane hadde fått kjennenamne »den unge hedning», vann dei første sporane sine i vitskapen med gullmedalja for ei pris-oppgåve frå det Teologiske Fakultete. Det var i 1909, og oppgåva lydde: »Bods- og skriftevæsenet i den norske kirke i middelalderen». Avhandlinga hans om dette emne gikk sia inn som ein part i det arbeide han tok doktorgraden på i 1912: »Folk og kirke i middelalderen».

Det var nye spørsmål han her tok opp; han vilde freiste finne ut kva det var av kristendomen som det norske folke i sanning eigna til seg, — folketrua til skilnad frå kyrkjetrua. Det var eit stort framsteg at kyrkjhistoria dermed vart utvida til religionshistorie. Men ein må vedgå at Bull enda ikkje nådde så djupt ned

¹ Verdenskrigens utbrudd. Hvad vi vet og hvad vi ikke vet. Kra. 1923.

i det religiøse live med denne fyrste boka si¹, og han kom ikkje sjölv til å halde fram med desse granskingane. Det er tydeleg nok at det som han i grunnen mest la hug på å granske, det var ikkje sjölvé det sjelelege innholde i religionen, men det var religionen som samfundsmakt. Difor greidde han ut i minsto sume sider av tilhöve mellom presteskap og lekfolk, og difor gav han mest i bolken om bot og skrifte; for her var kanskje dei sterkeste makt-rådene den katolske kyrkje hadde til å vinne og halde på det åndelege herredöme over folke.

Det vart da også samfunds-voksteren, fyrst og fremst i Noreg, som Bull kom til å samle granskinga si på, og her arbeidde han seg djupare og djupare inn frå mange ulike kantar; her har han gjeve oss ei rekke med verdfulle verk som lærer oss mykje nytt om det norske samfunde serleg i midalderen, dermed om sjölvé grunnlaget for samfundsskipinga her i lande.

Stor vekt la han på å få tak i det faste, konkrete grunnlaget for samfundsleve; han kunde aldri like å bygge på ålmenne, meir eller mindre lause synsmåtar. Difor var det han var så viljig til å ta på seg mykje av den reint lokalhistoriske granskinga som elles kan synes så lite lönsam og lovande for den som sett seg store mål. Men så sette han sjölv nye mål for lokalhistoria². Da han gav ut boka si om »Akers historie» (i åra 1914—18), da fylgte han mykje ein annan plan enn den som elles var yanleg i slike verk. Det som det galdt om for han, det var å drage fram alt det som batt historia om den einskilte bygda i hop med rikshistoria, og synge koss ålmenne vilkår og omskifte speglar seg i det vesle bygdesamfunde. Akers-historia vart på ein måte eit próveblad av Noregs-historia, og det var den ålmenne norske framvoksteren i næringsliv, samfundsveilkår og styringsskipnad som ein fikk fylgje i Akers-bygda. Og om det enda her kunde hange litegran att av det gamle drage til å ta med alle moglege slags ålmenn-historiske hendingar som hadde slumpa til å gå for seg i denne serskilte bygda, så hadde Bull fria seg heilt ifrå all slik unyttig stas i det

¹ Ei samföring av ymse kritiske innkast har Oluf Kolsrud gjort i Norsk Teologisk Tidsskrift 1913, s. 35—59 og 131—156.

² Sjå det vesle skrifte hans: Innledning til bygdehistorisk studium, Kr.sand 1920 og Kra. 1924.

store verke om Oslo-historia som fylgde etterpå¹. I to digre band greidde han å føre denne historia fram til 1740², og stendigt var det reint ålmenne vokster-spørsmål som einskilt-granskinga førte inn i, — om dei vilkåra som skapte byen, om føresetningane for at kyrkja samla så mykje jordegods, om hansevelde, om koss den nye trelasthandelen bygde opp ei ny borgarklasse, og om den kapitalistiske ny-laginga i by-samfunde med merkantilistisk politikk. Det er ikkje berre *tilfang* til rikshistorie såleis som i så mange andre lokal-historiske verk; det er sjølv rikshistoria i handfast, levende form. Eg trur ein torer segje at desse to banda Oslo-historie kjem til å bli ståande som det ypparste og varigaste av alt det arbeide Bull fikk gjort.

Han gjorde andre lokalhistoriske granskingar òg. Såleis skrev han om næringsliv og styringsskipnad i Setesdalen³, i dette tilfelle serleg om nytida, like eins om Ullensaker på Romerike⁴, og ymse små avhandlingar om heradsgrenser og andre styringsområde på spreidde kantar av lande⁵. Sumt av dette hadde samanheng med det store granskings-arbeide han heldt på med i mange år om opphave til den elste norske statsskipinga, og som serleg sette frukt i boka hans om den gamle leidangs-skipnaden⁶. Den gamle staten var fyrst og fremst ein militær-stat, og nett difor er det så viktig å finne greie på koss den militære skipnaden frå opphave var oppbygd. Det var eit mödesamt detalj-arbeid Bull her måtte slite seg igjenom, med både lovtolking og geografisk etterökjing, og med di han etterviste kor ulikt verjeplikta, leidangen, var skipa på dei ulike kantane av lande, ja sumtid innafor eit einskilt landskap, synte han med det same kor mykje det hadde kravd av tid og strev å reise denne hær-skipnaden,

¹ Kristianias historie. I. Oslo s historie, Kra. 1922. II. 1624—1740, Oslo 1927.

² Av det andre bande var elles to femteposter skrivne av medarbeidaren hans, Valborg Sönstevold.

³ Norske bygder, I. Setesdalen, Kra. 1921, s. 46—85.

⁴ Ullensaker, en bygdebok, I, Oslo 1927, s. 78—99.

⁵ Historisk Tidsskrift, 5. R. IV, 257—73 og 402—3, 5. R. VI 130—45, h. 29 s. 127—28; Maal og Minne 1917, s. 156—62; Bygd og Bonde IV (1922), s. 49—71; Scandia III, s. 78—105 (1930).

⁶ Leding. Militær- og finansforfatning i Norge i ældre tid, Kra. 1920.

d. v. s. bygge staten. Eit nytt steg på skipings-vegen kom så da leidangen smått om senn vart til rein skattetyngsle, og her hjelpte no Bull til å legge eit stöare grunnlag for den synsmåten som alt för hadde teke til å arbeide seg fram, at denne overgangen var ein led i framvoksteren til ein feudalstat i Noreg.

På ein måte eit motstykke til boka om leidangen er den boka som Bull mange år etterpå skreiv om »Jemtland og Norge» (1927). Hadde han i den fyrre boka granska skipings-voksteren i ein militær-stat, så tok han for seg i Jemtlands-boka nærings- og samfundsvilkåra i det vi kunde kalle ein bonde-republikk, — eit retts-samfund som voks opp utan noko militært grunnlag. Her òg var det gamle granskningar som endeleg sette frukt; ja, i røynda var dette emne kanskje noko av det aller fyrste Bull hadde arbeidd med, — den fyrste avhandlinga eg veit om på prent ifrå han, var eit stykke om Jemtland i den siste norske tida i festskrifte til J. E. Sars (1905). Granskiningane hans om Jemtlands-historia gav det fyrste trygge prove for fredleg samfundsskiping i gamal tid på norsk — eller ein skulde vel i dette tilfelle heller segje skandinavisk — grunn, og dermed lærte det oss mykje om den elste norderlendske historia.

Liksom Jemtlands-boka på si vis var både rikshistorie og lokalhistorie på ein gang, såleis var det òg med den avhandlinga Bull skreiv om »Grönland og Norge i middelalderen»¹. På den eine sida vilde han her skilje kvast mellom sanning og segn; på den andre sida freista han ettervise årsakene til undergangen for den grönlandske utbygda, noko i nærings-vilkår i sjölve lande og noko i tilhöve til Noreg. Det førte inn i den heimlege historia med det same.

Samlar vi no i tanken alle dei ser-granskingane av Bull eg her har nemnt, så finn vi allstad føre oss ei uvanleg stödig og fast hand, — ein granskare som aldri vil nögjes med å godta annanmanns arbeid, men alltid går til sjölve kunnskapskjeldene, og freistar tyde dei med streng, sakleg kritikk, — ein merkeleg udogmatisk vitskapsmann som fyrst og fremst søker pålitande fakta, men som samstundes strevar med å sette dei i hop i logisk

¹ Det Norske Geografiske Selskabs aarbok, XXXI—XXXII, Kra. 1922, s. 1—36.

samanheng. Det er tydeleg nok at under alt dette granskingsarbeide ligg det ein sterk ihuge etter å vinne fram til eit heilsyn på den norske historiske framvoksteren, serleg i midalderen. Og til slutt, åre før han döydde, greidde Bull å få ferdigt eit band som gjev oss syne hans på den norske historia i minst omlag år 1000 til slutten av 13de hundreåre¹.

Eg trur ikkje ein kann ta i mist på at han hadde ikkje lenger den fulle åndelege styrken sin da han skreiv denne boka; ho ber kjennelege merke av ein trøytt mann som ikkje lenger har det handfaste herredöme over tilfange sitt. Ein kann berre samanlikne det friske og fyndige fyrste-kapitle om »Folket og samfundet» med den tungföre, langdryge utgreiinga om borgarkrigane, så ser ein straks skilnaden.

Men like fullt er det eit merkeleg verk som visseleg kjem til å syne etter i norsk historieskriving. Da det kom ut, feste kanskje folk seg mest ved den hardhendte kritikken som her var nytta imot den gamle sogu-tradisjonen, og alt dette opprydjings- eller förebuiungs-arbeide tok så mykje rom i boka så det skygde noko over dei store grunntankane som i sanning bar ho oppe, — dei var ikkje allstad like klart og sterkt framlagt heller. I røynda var det det nye heilsyne på norsk historie som var det viktigaste i boka.

Vil ein kjenneteikne den ålmenne historiske tenkemåten til Bull, slik som han her stig fram, så kann det ikkje vere tvil om at ein må kalle han marxistisk historieskrivar. Og han vilde sjölv ha vedkjent seg namne. Men så må ein med det same ha det klart føre seg kva ein meiner med dette orde. I nekrologane over Bull kom det altfor mykje fram at mange trudde at det å skrive historie på marxistisk grunnlag var det same som å føre partipolitisk syn, sosialistisk tenkning, inn i historia, eller at marxismen gav granskaren eit fast skjema som han berre turvte skipe alle fakta inn i. Men alle som i sanning har nokon kjennskap til spørsmåle, veit at marxismen i historie-granskingsa ikkje er noko slag dogmatikk, men ein arbeids-metode. Det fins historieskrivarar som går ut

¹ Det norske folks liv og historie gjennem tidene. II. Fra omkring 1000 til 1280. Oslo 1931. — Eg nemner ikkje her serskilt ei rekke med avhandlingar om ser-spørsmål, for det meste i norsk Historisk Tidsskrift og i Edda, som gjev den kritiske förebuinga for mange ting i det endelege verke.

ifrå at det er idéar, åndsmakter, som driv all historisk framgang. Det er andre som trur at staten, politikken, er den store hovudmakta. Slike historiegranskarar er i røynda meir dogmatiske enn marxistane, og vil ein sjå kor ubunden Edv. Bull stod til læresetningane hos Marx, så kann ein berre lese den boka han sjølv skreiv om den store sosialistiske læremeisteren¹. Men hovudsaka er at dei som ikkje har nådd fram til den sanne marxistiske metoden, dei greier ikkje — eller i minste ovlag vanskeleg — å få levande samanheng mellom alle sidene av det historiske live, dei må kløyve det opp i økonomisk historie for seg, stats-historie for seg, litteratur-historie for seg, o. s. fr. Men marxisten går ut ifrå at det må vere ein indre samanheng mellom alt live i kvart einaste samfund, og det er denne samanhengen han stendigt freistar finne. Metoden hans gát ut på å vise korleis den måten samfunde er oppbygd på, dei maktene som rår i samfunde, avgjer stemmelina og grunnlynde for både statsliv og åndsliv. Alle veit at samfunds-vilkåra har grunnlage sitt i økonomiske tilstand og skifte, og her kjem ein da ned på botnen av det historiske live. Men det er ein lang veg opp ifrå det reine næringslive og til dei mangslungne formene for stats- og åndsliv; samanhengen er ikkje beinvegjes eller einfelt grov, det skal mykje psykologisk sans til å lyse opp i han.

Ein må vel segje at den psykologiske evna ikkje var serleg sterkt utvaksen hos Bull. Han kunde gjere mange kloke merknader om sjelelege makter og føresetningar; men han greidde lite å samle dei til store, heilslege bilete. Når det galdt den gamle norske historia, gjordes han mest på å töyme og kue det han åtte av evner i så måte; for han vilde halde seg strengt til det ein med full visse kunde vete om menneske og åndsliv i den tida, og vilde ikkje sleppe fantasien til. Difor vart ho underleg turr og livlaus, den skildringa han gav av åndslive i Noreg frå 11te til 13de hd.-åre. Men både litteratur og kunst sette han da i fast samband med det samfunde som bar dette åndslive. Og staten bygde han stött og sterkt opp på sjølve samfunde, — her er det nye og originale i verke hans. Han hadde funne at det var jord-eiga som

¹ Karl Marx, Kra. 1918; nytt opplag 1929.

avgjorde klasse-grensene i det gamle Noreg, og han såg koss ei klasse av jordeigarar (*lendir menn*) voks fram meir og meir i lande; böndene vart såleis meir og meir leiglendingar, og dei vart det berre enda meir da rike vart samla, for da kom dei under krona og kyrkja. Innhalde i statsvoksteren vart da at ei sann overklasse tok styringa i lande, samla seg sterke og sterke, og nyttet ut statsmakta til sin eigen vinning; kyrkja òg vart meir og meir overklasse-bunden. Eg har vel rett til å segje at Bull var ikkje den fyrste som såg heile denne samanhengen eller kvar ein-skilt led i han. Men han var den fyrste som greidde han ut frå grunnen og opp til toppen, og boka hans om den gamle norske historia blir difor ein merkestein på framgangsvegen for norsk historieskriving.

Da han döydde, heldt han på å förebu det bande som skulde handle om det ein kalla nedgangstida i norsk historie, 14de og 15de hd.-åre¹. Han hadde alt i 1913 slengt fram ei gissing om årsakene til nedgangen; med grunnlag i påstand som sume naturvitenskapsmenner hadde sett opp, meinte han at det var ei versning i verlage som hadde gjort livsvilkåra i lande lakkare og dermed dregje både overklassa, staten og kulturen ned i vanmakt. Han tyktes sjå at historia vart til naturhistoria; kulturen gikk opp og ned med termometre². Tanken hadde vore framme för ög; men Bull var den fyrste historiegranskaren som tok han opp. Han tala og skrev om dette ymse gonger³, og det vart strid om spørsmåle; gissinga vart fest til namne hans, og det var i grunnen den som fyrst gjorde han noko større kjent i ålmenta. Men han kom aldri til å legge fram tilfange for synsmåten sin i full breidd, og eg veit ikkje kor mykje han vilde ha bygd på tanken i Noregs-

¹ Til förebuinga hörer bl. a. avhandlinga hans om kopiboka frå bispestolen i Bergen frå 14de hd.-åre, i Scandia V (1932), s. 56—80, — det siste arbeide han fikk prenta.

² Klima og historie, i Samtiden 1913, s. 200—208 (mars).

³ Annonce-Tidende (Bergen), 27. mars 1914: Klimaet og Norges nedgang (referat etter foredrag); Geografisk Tidsskrift (Kbh.) 1915, s. 1—5: Islands klima i oldtiden; Syn og Segn 1925, s. 12—19: Klimaskifte og nedgang i Noreg i seinmillområderen; Hist. Tidsskr. (Oslo) 5. R. VI (b. 27), s. 303—8: Litteratur. Meddelelser om Grönland (jan. 1925).

historia si, — i det vesle »Grunnriß av Norges historie» han gav ut i 1926, fins ikkje eit ord om teorien. Eg kann ikkje sjå heller, at slik ei forklaring skulde ha noko å gjere med den marxistiske metoden han elles fylgde — det hadde han elles sjölv også på det reine — og det er dessutan slett ikkje så visst at det var nokon annan økonomisk nedgang i Noreg i slutten av midalderen enn den som fylgte av nedgangen i folketal etter dei store farsottene; det skulde difor ikkje vere turvande å söke årsaker utafor dei indre økonomiske og sosiale vilkåra. Som den kritiske granskaren han var, gjorde Bull stendigt etterhald om at det enda trangs mange etterrökjingar för ein kunde gjere seg opp ei endeleg meinung om spørsmåle, og han rakk ikkje å skrive om heile dette emne i samanheng, så det vilde vere urett å la slik ei gissing få for stor vekt i domen om vitskaps-verke hans. Vi lyt halde fast på at for dei siste hundreåra av midalderen ligg dei beste granskingane hans i dei lokalhistoriska verka han gav ut.

Det var norsk midalders-historie som Bull la det aller meste av arbeide sitt på. Men han hadde vide interesser på andre område også. Det segjer seg mest sjölv at så framskote eit rom som han hadde i arbeidarrörsla, så kom han til å gjere *historisk* arbeid med ho også¹, og han snerte bort-i ålmenn europeisk politikk frå nytida attåt². Han skreiv jamvel ei heil bok om revolusjonen i Russland³. Klokt og sjölvstendig såg han på alle dei spørsmåla han såleis rörte ved; men serleg nye landevinningar for vitskapen kann ein vel ikkje segje han her gjorde.

I dei siste åra arbeidde han mykje med planane for store samförande granskingar i den historiske framvoksteren for bondesamfunde. Han gjorde opptake til å få dette arbeide i gang i »Instituttet for sammenlignende kulturforskning» 1927, og han

¹ Archiv f. d. Gesch. des Sozialismus u. der Arbeiterbewegung III (Lpz. 1913), s. 438—62: Die sozialistische Bewegung in Norwegen; Arbeiterbevægelsens stilling i de tre nordiske land 1914—1920, Kra. 1922; Det norske Arbeiderparti 1887—1927, Oslo 1927, s. 3—17: Partiet.

² Tripelallianse og tripletentente 1871—1914, Kra. 1916; Den moderne pressen som historisk kilde, i Scandia II (1929), s. 1—30.

³ Den russiske arbeider- og bonderevolution, I—II, Kra. 1922.

styrte arbeide heilt til det siste, alltid med stor omtanke¹. Dette var noko som hadde feste i dei djupaste historiske synsmåtane hos han: hugen for samspele mellom dei økonomiske og dei sosiale maktene.

Han var fylgjestreng, ofte uvören i den historiske kritikken sin; han hata uklare tankar og ljosredde kompromiss. Og dermed kunde han nok skräme ein og annan. Men samstundes var han så klok og jamvektig i domane sine, så det alltid var lerdom og glede i å lese han eller lye på han. Han hadde ein endefram og grei »matter-of-fact»-stil som måtte gje tiltru for di her ikkje var noko slag kunster som narra bort ifrå sjølve tanken. Om han så skreiv namnlaust, kjente ein alltid att denne faste, fyndige gå-på-stilen. Og attmed trongen til kritikk stod eit vidt omsyn som stendigt streva etter å binde einskilt-ledene i hop i stödig samanheng. Desse to evnene i lag var det som gjorde han til den ypparlege granskaren han var. Klarleiken og objektiviteten gjorde han dessutan til ein framifrå lærar og rettleiar. Han var ein brennhuga arbeidar, og allstad der han arbeidde, sette han djupe merke etter seg. Vi kjem titt til å sakne han i norsk vitskap.

¹ Sammenlignende studier over bondesamfundets kulturforhold. Et arbeidsprogram, Oslo 1929 (på tysk 1930); sfr. Fredrik Stang: Instituttet for sammenlignende kulturforskning, Oslo 1931, s. 111—128.

Halvdan Koht.